

Uskedelingar i hard konkurranse**30.06.2006**

Uskedal skulemusikk og Rosendal skulekorps har også i år delteke i Noregsmeisterskapen for skulekorps, brassband. Dei unge musikantane havna på trettendeplassen i den harde konkurransen. I tillegg hadde dei opplevelsrike dagar i oljebyen og området rundt.

Uskedal/Rosendal framførte stykket 'In Switzerland' av Eric Ball.

Dommerkommentarane var svært positive og både korpset og solistane fekk gode tilbakemeldingar tross den beskjedne plasseringa. Nivået er altså svært høgt for tida.